



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3858 - 19/1098

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.01.2019

Løyve til etablering av utomhusanlegg - gbnr 188/778, 188/793 og 188/794 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 033/19

Tiltakshavar: Orion Prosjekt AS
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad etablering av sti omtalal som bestemmelsesområde #1, uteopphaldsareal innan felt f_BUT, fortau o_SF2 med opphøgd gangfelt over Lonsvegen.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid i samband med opparbeiding av gangsti #1, fortau o_SF2 med tilhøyrand gangfelt over Lonsvegen samt opparbeiding av f_BUT. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 21.12.18.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 21-12-18 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommane og dei aktuelle areala ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Langheiane B8 og B9/planid.: 1263-201602.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.



Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Ansvarleg søker har i skriv datert 19.12.18 gjort greie for kvifor ein har vald å ikkje nabovarsle tiltaket. Kommunen legg ansvarleg søker si vurdering til grunn, det vert ikkje kravd varsling av tiltaket jf. pbl § 21-3.

Plassering

Plassering av tiltaka er vist i situasjonsplan teikningsnr A3-001 datert 22.06.17 rev. E datert 27.11.18.

Det er opplyst at tiltaka vert etablert i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Tilkomst, avkøyrsløse, parkering, vatn og avløp (VA)

Tiltaka fører ikkje til endra/auka bruk. Tiltaka er ledd i realisering av rekkefølgekav i planen med omsyn til gangareal mellom dei ulike felta i Langheiane, og felles uteopphaldsareal for felt B8 og B9, samt etablering av fortau og gangfelt som krysser Lonsvegen.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaka skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Avfallsplan

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

VURDERING

Plassering

Tiltaka vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden i samsvar med gjeldande reguleringsplan Langheiane felt B8 og B9/planid.: 1263-201602.

Privatrettslege tilhøve

Gangsti over o_GF1 kryssar eigedom gbnr. 188/793 vi legg til grunn at det ligg føre naudsynte private rettigheter til å opparbeide sti.

Etablering av fortau langs Lonsvegen og gangfelt som kryssar Lonsvegen må skje i samarbeid med Teknisk drift vegavdelinga hjå Lindås kommune.

Vi minnar om at dei to asfalterte felta i rabatten på «sørsida» av Lonsvegen skal fjernast jf. føresegna § 3.1.1.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for etablering av gangsti bestemmelsesområde #1, naturleikeplass innan f_BUT, fortau o_SF2 med opphøgd gangfelt over Lonsvegen i samsvar med gjeldande reguleringsplan Langheiane felt B8 og B9/planid.: 1263-201602.

Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan, teikningsnr A3-001 datert 22.06.17 rev. E datert 27.11.18, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltak langs og over Lonsvegen må utførast i dialog med Teknisk drift vegavdelinga hjå Lindås kommune.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Stadfesting frå Teknisk drift vegavdelinga på at det er etablert opphøgd gangfelt og at eksisterande asfalterte punkt i rabatten er lukka jf. føresegna § 3.1.1.
2. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
3. Faktisk plassering av tiltaka må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/3858

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
Orion Prosjekt AS	Postboks 449 Nesttun	5853	BERGEN
Orion Prosjekt AS	Postboks 449 Nesttun	5853	BERGEN

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
--	------------	------	----------